



## DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref

Dato

20/3278-2

3. juli 2020

### Svar på spørsmål om utforminga av kommunevåpen

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til e-post 27. mai 2020 om utforminga av kommunevåpen. Slik departementet forstår saka, har Tysnes kommune vedtatt eit kommunevåpen på blå grunn der motivet kjem frå eit segl funne etter Olavsgildet på Onarheim. Dykkar vurdering er at kommunevåpenet kan forvekslast med Hordaland fylkeskommune sitt gamle våpen som hadde same motiv. De ber departementet om rettleiing i saka.

Departementet kan ikkje gå inn i den konkrete saka frå Tysnes kommune, eller gje ei vurdering av om forslaga til nytt kommunevåpen i Tysnes er til forveksling med dåverande Hordaland fylkeskommune sitt kommunevåpen. På generelt grunnlag vil vi vise til at det går fram av kommunelova § 3-2 fyrste ledd at kommunestyret sjølv gjer vedtak om kommunevåpen. Det betyr at det er opp til den einsskilde kommune å avgjere om den ynskjer å ha eit kommunevåpen, og korleis dette våpenet i så fall skal utformast.

Kommunelova § 3-2 andre ledd set likevel nokre avgrensingar for kva for kommunevåpen kommunestyret kan vedta. Til dømes går det fram av føresegna at kommunale våpen ikkje skal kunne forvekslast med "eksisterende kommunale eller fylkeskommunale våpen eller flagg, andre kjennetegn som er omfattet av straffeloven § 165 bokstav b eller § 166, et statsflagg eller noe som kan oppfattes som slike kjennetegn eller flagg".

Ordlyden i lova om at våpenet må vere eksisterande kan tolkast som at avgrensinga berre gjelde for kommunevåpen som er i bruk i ei kommune som eksisterer. Den kan òg tolkast som at det berre er eit krav om at våpenet må eksistere i form av å ha vore vedtatt og vore i bruk, og at det er eit vern sjølv om våpenet t.d. er erstatta med eit nytt våpen. Forarbeida til

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.kmd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 858

Avdeling

Saksbehandlar  
Edvard Thorolf  
Aspelund  
22 24 72 20

kommunelova § 3-2 seier ikkje noko om korleis ein skal forstå formuleringa *eksisterande våpen*. Spørsmålet om føresegna berre ramar våpen som er i bruk, eller om ho også ramar tidlegare våpen, er heller ikkje omtalt i forarbeida til den tilsvarande føresegna i kommunelova av 1992 § 3. Departementet har under tvil kome til at lova truleg må tolkast slik at også kommunevåpen frå nedlagde fylkeskommunar skal reknast som "eksisterende kommunale eller fylkeskommunale våpen eller flagg", jf. § 3-2 andre ledd.

Til samanlikning så kan bruk av eit eldre kommunevåpen i nokre samanhengar vere uheimla bruk etter straffelova § 165 b. Det inneber at ein i den samanhengen ikkje utelukkar at eit tidlegare kommunevåpen har eit vern mot misbruk. Dette taler for at eit tidlegare kommunevåpen bør ha eit vern mot at andre kommunar vedtar nye kommunevåpen som kan forvekslast med eit eksisterande våpen sjølv om det ikkje lenger er i bruk eller den aktuelle kommunen ikkje eksisterer.

Departementet viser til at formålet med føresegna er å hindre at det oppstår situasjonar der nokon forvekslar eit våpen med eit anna kommunalt eller fylkeskommunalt våpen, og soleis oppfattar det som at det er ein annan kommune eller fylkeskommune som står bak. Eit kommunevåpen er eit kjenneteikn på ein kommune si utøving av offentleg myndigheit. Dersom ein kommune bruker eit våpen som kan forvekslast med eit anna våpen, kan det skape villfaring og svekke tilliten til offentlege organ. Spørsmålet er om dette er eit like tungt omsyn i dei tilfella der kommunevåpenet ikkje lenger er i bruk i ein fylkeskommune som ikkje lenger eksisterer.

Departementet meiner at det er eit relevant omsyn å hindre at eit nyleg vedtatt kommunevåpen kan forvekslast med eit våpen som ikkje lenger er i bruk. Sjølv om det kan vere tilfelle der kommunen eller fylkeskommunen som tidlegare brukte våpenet, ikkje lenger eksisterer vil det kunne vere ein fare for forveksling. Dette gjeld særleg når det har gått kort tid og det er geografisk nærheit mellom dei ulike kommunane. Omsyna bak føresegna i kommunelova § 3-2 tilseier at ho også bør ramme desse tilfella, sjølv om kommunevåpenet ikkje lenger er i aktiv bruk.

Med helsing

Ragnhild Spigseth (e.f.)  
kst. avdelingsdirektør

Edvard Thorolf Aspelund  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*